



Babytreff på TI-aren tysdag. Frå venstre sit Åse Myklebust med Linnea (3 månader), Bente Myhre med Malene (7,5 månader), Line Taranger med Isak (6 månader) og Janne Hjørnevåg med Norah (4 månader). (Foto: Ola Matti Mathisen)

TI-aren, kafeen som har ope på tysdagar i Gamleskulen, er eitt år gamal om eitpar veker. Statistikken er ikkje heilt eksakt, men når "jubileumsdagen" er inne vil tett innpå 2.000 ha vore innom og det er ikkje dårleg ettersom dette er eit nytt tiltak. Eit laust overslag viser at 1.800 gjester no er passert. Det har vore meir enn 40 innom fleire gonger.

No tyder mykje på at besøket er i ferd med å ta seg opp att etter ein liten bølgedal i bakkant av ferien. Denne tysdagen var det 27 vaksne gjestar, kan vertskapet Ruth Myklebust, Anne Grete Musland og Anne Gurine Bringedal opplyse.

Denne gongen hadde gjesteflokken forresten ein litt annan "profil" enn det som har vore vanlig fordi det også var fire babyar på visitt!
Dermed kan vi slå fast at TI-aren er i ferd med å bli ein populær møteplass for alle aldersgrupper.
I tillegg må det nemnast at det også var ein mann innom og det er heller ikkje vanleg.

Av Ola Matti Mathisen



Dei som sit ved dette bordet har vore svært trufaste gjester og/eller vertskap gjennom heile det første året. Frå høgre sit Berit Harriet Døssland, Betsy Sunde, Johanna Yri, Eva Myklebust, Arnhild Myklebust, Esther Mørstad og Berit Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)